

NÅ BÅTHAMN FORENKLA KONSEKVEN舜UTGREIING OG VURDERING AV SIKKERHEITKLASSE

Datert: 29.06.2022
Revidert: 05.12.2023

Innhold

1. Bakgrunn for tiltaket og reguleringsplan
2. Vurdering av om tiltaket utløyer krav om konsekvensutgreiing
3. Krav til konsekvensutgreiing
4. Metode for konsekvensutgreiing
5. Forenkla konsekvensutgreiing
6. Oppsummering og konklusjon
7. Litteratur og kjelder

1 Bakgrunn for tiltaket og reguleringsplan

Bakgrunn for planarbeidet

Naa båtlag ønsker å etablere betongbryggeanlegg ved Friområdet (Fri 02), som i dag nyttast som badeplass og rekreasjonsområde. Kommunen har avslått søknad og oppfordra til omregulering av området. Grunnlag for avslag frå kommunen er ihht vedtektene i reguleringsplanen som seier følgjane:

Friområdet – Området inneholder strandsone til offentlig rekreasjon. Det kan ikke gjøres tiltak i området, som gjør den offentlige bruken ringare (forverret).

FAVN LPO arkitekter AS er engasjert av Naa båtlag for endring av reguleringsplan for gnr.155 bnr.19.



Figur 1: Utsnitt frå reguleringsplan

Initiativ

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette meldt at *FAVN LPO arkitekter AS* på oppdrag for *Naa Båtlag* set i gang arbeid med *regulering* for eigedomar *gnr.155 / bnr.19. m.fl. i Naa sentrum*. Reguleringsendring gjeld omregulering av delar av dagens friområde og utviding av planområde i sjø, til etablering av småbåthamn.

Planstatus og føremål

Gjeldande planer for området er:


REGULERINGSPLAN for Nå sentrum Ullensvang Herad (2002)
Område avsett til friområde (Fri02) og bustad, forretning og kontor (B/F/K)

KYSTSONEPLAN Ullensvang Herad (2008), Delområde 1 – UTSNITT Område avsett til friluftsliv (FR) og sentrumsformål.

KOMMUNEPLAN 2007-2019, Detaljkart Odda-Tyssedal, Arkivnr.200500041 – UTSNITT Område avsett til friluftsområde og sentrumsformål.


Forslagsstillar Nå båtlag ønskjer å starte detaljregulering for Nå båthamn. Formålet med planarbeidet er å leggje til rette for etablering av småbåthamn i sjø for opptil 40 båtar, samt bygg for servering, overnatting, informasjon- og siderhus på eksisterande kai. Planarbeidet har i stor grad eit formål om å utvikle kaiområdet, samt å løfte og forme området til å bli meir attraktivt og tilgjengeleg for ålmenta.

I dag er det ingen pågåande planer i området eller tilgrensande reguleringsplanar.



Fiur 2: Utsnitt frå kommuneplan 2011-22


Området avsett til friluftsområde




Figur 3: Utsnitt frå kystsoneplan

Avgrensning av planområde

Planområdet er avgrensa på vedlagte kart





Figur 5: Planavgrænsning

Alternativ for planområdet

0-alternativet er planområdet sin eksisterende situasjon. I dette alternativet blir det lagt til grunn at det ikkje blir gjort endringar i planområdet.

0-alternativet inneber ingen utbygging og vil ha *ingen* omfang for miljø og samfunn.

Konsekvensane av alternative ny tiltak (**alternativ 1 og alternativ 2**) vil bli vurdert i forhold til **0alternativet** (dagens situasjon, inkludert forventa endringar utan tiltaket).

0-alternativet – situasjonen i dag


Nå er ei bygd på vestsida av Sørfjorden, ein sidefjord av Hardangerfjorden i Ullensvang kommune i Vestland fylke. Nå ligg 22 km nord for Odda og 22 km sør for Utne, mellom Kambastad og Åkre.

Nå sentrum består av ei blanding av ulike bygg, både eldre og nyare, med hovudtilkomst via fylkesveg 550 frå nord og sør. Nå sentrum har daglegvarebutikk, samfunnshus, skule med meir og er direkte tilknytt sjøen via kaianlegg og badeplass. Langs strandlinja i nordleg og sørleg retning er det oppført ei rekkje naust og private båtplassar for eit mindretal båtar. Ved busstoppet i Nå sentrum er det etablert parkanlegg og rasteplass. Her er det god parkeringsdekning og flott utsikt over fjorden. I tilknytning til parkanlegget er det opparbeida rekreasjonsområde med sandstrand og flytebrygge som i dag er regulert til friområde under Fri 02.

Beskriving av tiltak ved ulik plassering av småbåthamn (alternativ 1 og alternativ 2)

Reguleringsendring gjeld omregulering av del av dagens friområde og utviding av planområde i sjø, til etablering av småbåthamn. I dag går plangrensa i vasskanten. I Fri 02 er det ikkje lagt opp til å etablere bygningar. Det er ein sterk tanke med etablering av båthamn at lokalsamfunnet skal styrkast. Båthamna skal organiserast som eit grannelag. Plassering og utforming skal sjølvstøtt gjerast slik at funksjonar i lokalsamfunnet vert berika av det, og at negative konsekvensar vert minimert. Nye tiltak skal ha god tilpassing til terreng og bygningane rundt, med særlege omsyn til plassering, utforming og eksponering i landskapet.

Dei to ulike alternativa som blir presentert har same føremål, men viser ulik plassering av småbåthamn.



*Figur 2: alternativ 1 – skissert plassering av ny båthamn i tilkøpling til friområdet
Figur 3: alternativ 2 – plassering av ny båthamn er flytta noko nordover*

Tiltak både i alternativ 1 og alternativ 2 har som mål om i størst mogleg grad å inkludere ålmenta ved å etablere båthamn. Begge tiltak ønskjer å bevare dei friluftaktivitetane som allereie eksisterar og potensielt utvide aktiviteten.

Båthamna i **alternativ 1** er plassert med tilkomst i nærleik til badestrand. Val av plassering er grunngeve med eit ønske om at båthamna skal ha ei sentral plassering som gir eit tydeleg signal om tilgang til ålmenta. Alternativet ønskjer å vere med på å løfte og forme området for offentlig rekreasjon.

Båthamna i **alternativ 2** er plassert lengre nord, mellom dagens badestrand og kaianlegg. Val av plassering er grunngeve med at ein ønskjer at båthamna skal ha ei sentral og lett tilgjengeleg plassering, utan å komme i konflikt med badestrand og kaianlegg. Samanlikna med **alternativ 1** vil dette i mindre grad komme i konflikt med friområdet, men stå som eit meir sjølvstendig supplement til friluftslivet på sjøen med høg bruksverdi for lokalbefolkninga og gjestar, ei forlenging av eit område for offentlig rekreasjon.

2 Vurdering av om tiltaket utløyer krav om konsekvensutgreiing

I kommuneplanen til tidlegare Ullensvang Herad er aktuelt område i sjø sett av til friluftsområde. I 2008 var det utarbeida kommunedelplan for kystsona i Ullensvang Herad. I kystsoneplanen er det sett av område for mellom anna friluftsområde og småbåthamn. På Nå er det ikkje opna for småbåthamn.

Kommunen vurderer at planlagde tiltak fell inn under Vedlegg II nr.12 bokstav b: lystbåthammer, sjå figur under.

A. Planer og tiltak		B. Ansvarlig myndighet og lov(er) behandlingen er knyttet opp til
12. TURISME OG FRITID		
a)	Hoppbakker, skianlegg og skiheiser, taubaner og tilknyttet utbygging.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
b)	Lystbåthavner.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
c)	Feriebyer, hotellkomplekser utenfor bymessige områder og tilknyttet utbygging.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
d)	Permanente campingplasser.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
e)	Temaparker, herunder golfbaner o.l.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.

Figur 8: Utsnitt frå lovdata – forskrift om konsekvensutgreiing

Konklusjon

Kommunen vurderer at planen har ein avgrensa storleik, at lokalisering og påverknad på omgjevnadane ikkje vil føre til vesentleg verknad for miljø eller samfunn.

Likevel er planlagde tiltak ikkje i tråd med overordna plan, noko kommunen vurderer *kan føre til vesentleg effekt for miljø og samfunn*. Kommunen anbefaler derfor å utarbeide konsekvensutgreiing, men ikkje planprogram.

3 Krav til konsekvensutgreiing

3.1 Avvik frå gjeldande planar

Planen avviker frå overordna plan:

REGULERINGSPLAN for Nå sentrum Ullensvang Herad (2002)
Område avsett til friområde (Fri02) og bustad, forretning og kontor (B/F/K)

Reguleringsendring gjeld omregulering av delar av dagens friområde og utviding av planområde i sjø, til etablering av småbåthamn.

3.2 Verknad på miljø og samfunn

I henhold til «Forskrift om konsekvensutreiingar» utført av Klima- og miljødepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet er det tema som kan få vesentlege verknader på miljø eller samfunn som skal utreiast jf. §12 i forskrifta.

Temaliste miljø

- 4.1 Naturmangfald jf. Naturmangfaldlova
- 4.2 Friluftsliv
- 4.3 Landskap
- 4.4 Vassmiljø jf. Vassforskrifta
- 4.5 Forureining
- 4.6 Jordressursar (jordvern) og viktige mineralressursar

Temaliste samfunn

- 4.7 Kulturminne og kulturmiljø
- 4.8 Beredskap og ulykkesrisiko
- 4.9 Tilgong for alle til uteområde
- 4.10 Oppvekstvilkår for born og unge

4 Metode for konsekvensutreiing

Konsekvensutreiinga skal vurdere dei samla verknadene av planen eller dei alternative tiltaka sett i lys av allereie gjennomførte, vedtatt eller godkjente planar eller tiltak i influensområdet. Her vert ei to-trinns prosedyre lagt til grunn som tek for seg verdi og konsekvens av tema ved dei alternative tiltaka som kan få vesentlege verknader på miljø eller samfunn.

VERDI

Ei beskriving av temaet sin status og verdi innafor influensområdet. Verdi vert vurdert mot ein tredelt skala: liten, middels og stor verdi. Beskrive som 1, 2 og 3.

KONSEKVENNS

Ei vurdering av temaet sin konsekvens. Konsekvensen er eit uttrykk for fordelar og ulemper eit tiltak vil medfør i forhold til referansesituasjonen. Beskrivinga av konsekvensar for temaet skal omfatte positive, negative, direkte, indirekte, midlertidige, varige, kortsiktige og langsiktige

verknader av tiltaket. I tillegg til temavurderingar skal det bli gjort ei samla vurdering av konsekvens på miljø og samfunn av det planlagde tiltaket.

Konsekvensen vert vurdert mot ein sjudelt glideskala: stor positiv konsekvens (+++) til stor negativ konsekvens (---) og kor 0 er inga konsekvens.

Kvart tema vil bli gitt ei heilskapsvurdering gjennom følgjande tabell:

VERDI	KONSEKVENNS

5 Forenkla konsekvensutreiing

MILJØ

5.1 Naturmangfald jf. Naturmangfaldlova

Verneområde: Det er ikkje avsett egne verneområder i- eller i nærleiken av området. Planforslaget berører ikkje verneområder etter naturmangfaldlova.

Utvalde naturtypar: Jf. veiledar 31-2011 frå DNF7 til forskrift om utvalde naturtypar. Det er ikkje registrert utvalde naturtypar for tiltaksområdet i Miljødirektoratet sin naturbase. Punktet synes å ikkje vere aktuelt.

Prioriterte artar: Det er ikkje gjort registreringar av prioriterte artar i influensområdet. **Verna vassdrag, nasjonale laksefjordar og laksevassdrag:** Her fins ingen registreringar. Punktet synes å ikkje vere aktuelt.

Dei nye tiltaka og reguleringsendring i begge alternative tiltak tek omsyn til naturmangfaldet og vil ikkje ha noko nemneverdig konsekvens.

Alternativ 1

VERDI	KONSEKVENNS
1	0

Alternativ 2

VERDI	KONSEKVENNS
1	0

5.2 Friluftsliv

Det aktuelle området er avsett til friluftsområde. Planlagt tiltak i detaljreguleringsplan for Nå båthamn er ikkje i tråd med overordna plan, då dei aktuelle områda er avsett til friluftsområde i kommuneplan frå 2012 og kommuneplan for kystsona frå 2008.

Området skal gje god tilkomst til båthamna, med fritidsbåtar og gjestebrygge. I tillegg skal tiltaket ikkje vere begrensa til båttaktivitet, men også kunne nyttast til fisking med stong, samt bading og stuping frå bryggekannten. Vidare er det plan om å bearbeide området rundt tilkomstpunktet for å auke bruksverdien som rekreasjonsområde.

Tiltak både med plassering vist i alternativ 1 og alternativ 2 har som mål om i størst mogleg grad inkludere ålmenta ved å etablere båthamn.

Båthamna i **alternativ 1** er plassert med tilkomst i nærleik til badestrand. Val av plassering er grunngjeve med eit ønske om at båthamna skal liggje sentralt som gir eit tydeleg signal om tilgong til ålmenta. Alternativet ønskjer å vere med på å løfte og forme området for offentleg rekreasjon og friluftsliv.

Båthamna i **alternativ 2** er plassert mellom dagens badestrand og kaianlegg, såleis vil det bevare dei friluftaktivitetane som allereie eksisterer og potensielt utvide aktiviteten slik som i alternativ 1. Val av plassering er grunngjeve med at ein ønskjer at båthamna skal ha ei sentral og lett tilgjengeleg plassering, utan å komme i konflikt med badestrand og kaianlegg. Samanlikna med **alternativ 1** vil dette i mindre grad komme i konflikt med friområdet, men stå som eit meir sjølvstendig supplement til friluftslivet på sjøen med høg bruksverdi for lokalbefolkninga og gjestar, ei forlenging av eit område for offentleg rekreasjon. Effekten av å plassere båthamna lengre nordover og vekk frå badestrand vil vere at båttrafikk ikkje kjem i konflikt med aktivitetar slik som bading eller fisking.

Begge alternativ legg til rette for mange typar utendørs aktiviteter og friluftsliv som fremmer folkehelsen og er i tråd med kommunens overordnede planer, men alternativ 2 vil i mindre grad enn alternativ 1 skape konflikt mellom dei ulike friluftaktivitetane og såleis gi ein større verdi.

Alternativ 1

VERDI	KONSEKVENS
2	++

Alternativ 2

VERDI	KONSEKVENS
3	+++

5.3 Landskap

0-alternativet er planområdet sin eksisterande situasjon. I dette alternativet blir det lagt til grunn at det ikkje blir gjort endringar i planområdet. Det inneber altså ingen utbygging og vil ikkje ha noko omfang for landskapet.

Det nye tiltaket både i **alternativ 1** og **alternativ 2** omfattar ein flytande konstruksjon for hamn for fritidsbåtar. Det vil vere ei betongbrygge med to armar, der fortøyning av båtane skjer på innsida av anlegget for registrerte båtplassar, medan utsida av dei nord-/ sørgående flytebryggjene skal nyttast til gjesteplassar. Brygga skal vere stabil og i størst mulig grad skjerma frå vind og bølger. Brygger i betong er hardføre og godt rusta til å tole ver, vind og sjø. Med si høge vekt ligg dei trygt på vatnet og evnar å stå mot krafta frå ver og bølger.

Betongbrygga som fører til land vil ha ei lengd på 45 meter med ei breidde på 3 meter. Frå denne og nordover vil det vere to flytebrygger (armar) på 76 meter kvar, her også med ei breidde på 3 meter. Det vil vere montert 20 utliggarar på innsida av kvar «arm», der annankvar er fortøyingsbom og gangbar bom. Gangbar bom har ei breidde på 0,5 meter som sikrar kvar båtplass enkel tilgang til langsida til båten. Kvar båtplass har ein dimensjon på 8 meter lengd og 3,5 meter breidde. Det vil ikkje bli etablert portar, slik at tilkomst til brygga vil vere open og godt tilgjengeleg for ålmenta.

Konstruksjonen i begge alternativ vil ha eit tilknytnings- og adkomstpunkt til land, som vil vere det einaste punktet kor dette tiltaket berører landskapet. Båthamna vil ha ei U-form, der opninga er vendt mot nord, vekk frå badeområdet, og ein skjermar dermed badevika mot trafikk av båtar.

Begge alternative tiltak vil altså sørgje for å ha god tilpassing til terrenget i landskapet og bygningane rundt, med særlege omsyn til plassering, utforming og eksponering i landskapet. Tiltaka er reversible, og vil ikkje krevje terreng- eller landskapsinngrep ut over det heilt beskjedne. Tiltaka vil heller ikkje ha særlege horisontale landskapssilhuetter.

Begge alternativ vil påverke landskapet noko ved at dei utvider planområdet til friområde ut i sjø. Likevel er tiltaket er avgrensa i storleik, planområdet er ca. 2.0 da. Det er eksisterande kaianlegg i tilknytning til planlagt anlegg. Det er også fritidsbåttrafikk i samband med naustrekkjer både nord og sør for planlagt tiltak. Alternative tiltak representerer såleis ei utviding av eksisterande funksjonar, ikkje eit heilt nytt føremål.

Plasseringa av båthamna i begge alternativ er gjort med eit ønskje om å gjere den lett tilgjengeleg og sentral, som eit knutepunkt på friområdet. **Alternativ 2** er likevel plassert på ein slik måte at den kjem i mindre grad i konflikt med badestrand og kaianlegg som forklart under tema «friluftsliv». Dette alternativet er dessutan plassert i tilknytning til gangbar veg som gjer tilkomsten noko meir definert enn i **alternativ 1** kor tilkomsten er knyta parkarealet og meir nærliggande friområdet.

Alternativ 1

VERDI	KONSEKVENS
2	--

Alternativ 2

VERDI	KONSEKVENS
2	-

5.4 Vassmiljø jf. Vassforskrifta

Det nye tiltaket, både i **alternativ 1 og alternativ 2** legg opp til at båthamna skal ha tilgang til vatn. Dette inneber ei omlegging av eksisterande vassleidning. Overvasshandteringa er vurdert å halde fram slik den gjer i dag. Arbeidet med omlegginga vil i ein kortare periode potensielt kreve noko omorganisering av infrastruktur. På lengre sikt vil denne omlegginga ha stor nytte for det nye tiltaket. Såleis er den negative konsekvensen å vurdere som kortvarig.

Alternativ 1

VERDI	KONSEKVENS
2	--

Alternativ 2

VERDI	KONSEKVENS
2	--

5.5 Forureining

Det er ikkje avdekkja luft- eller grunnforureining innanfor planområdet. I tiltaka er det lagt opp til eige renovasjonspunkt, som skal handtere avfall som vert produsert av båthamna.

Auke i biltrafikk og dermed auke i luftforureining på landsida er å rekne å vere avgrensa.

Avfall som vert produsert av båthamna vil handterast gjennom eigne renovasjonspunkt. I tillegg skal det ikkje leggjast opp til drivstofforsyning ved båthamna. Dette er lagt til noko lengre sør, ved eksisterande fylling. I tillegg til å redusere utslepp av drivstoff, vil dette også vere bidragsgjevande i å redusere eventuell trafikk av båtar som utelukkande ville ha køyrd i området for drivstofforsyning. Det skal heller ikkje vere høve til tømning av septikk i området ved båthamna.

I samband med nausttrekkjer både nord og sør for planlagt tiltak er det i dag (**i 0-alternativet**) fritidsbåttrafikk. I tillegg er det eksisterande kaianlegg i tilknytning til planlagt hamneanlegg.

Båthamna i det både **alternativ 1 og alternativ 2** vil bidra til ei auke av båttrafikk og dermed noko auke i støy samanlikna med dagens situasjon (**0-alternativet**). Val av plassering av tiltaket vil ha innverknad i kva grad denne påverknaden vil ha.

I **alternativ 2**, samanlikna med **alternativ 1**, vil støy frå båttrafikken i mindre grad påverke friområdet då det er plassert lengre unna.

Likevel vil den ytterlegare båttrafikken kunne sjåast som ei auke i eksisterande aktivitet og såleis er båthamna ei utviding av fasilitet for eksisterande aktivitet og funksjon. Samstundes vil den auka trafikken bli regulert gjennom forbod mot trafikk utanfor gitte tidsrammer. Såleis er auka av trafikken rekna for å vere avgrensa.

Det er ikkje grunn til å tru at det nye tiltaket i nokre av alternativa vil forureine omgjevnadane i nemneverdig grad.

Alternativ 1

VERDI	KONSEKVENS
1	-

Alternativ 2

VERDI	KONSEKVENS
1	0

5.6 Jordressursar (jordvern) og viktige mineralressursar

Innanfor planområdet er det registrert bergart av typen granitt og kvartsitt, og lausmasser av tynn morene. Begge alternative plasseringar berører området registrert med kvartsitt, stadvis med tynne lag av konglomerat. Det er ikkje grunn til å tru at det nye tiltaket vil påverke viktige jord- eller mineralressursar.

Alternativ 1

VERDI	KONSEKVENS
1	0

Alternativ 2

VERDI	KONSEKVENS
1	0

SAMFUNN

5.7 Kulturminne og kulturmiljø

I nærområda rundt tiltaket er det registrert fleire arkeologiske enkeltminner, samt bergkunst. Tiltaka er likevel å vurdere som ikkje lokalisert heilt eller delvis innanfor kulturminne eller kulturmiljø som er freda.

Såleis er det vurdert at kulturminne er lokalisert og ivareteke i henhald til kulturminnelova.

Det er ikkje blitt gjort særreigne, verneverdige registreringar i tiltaksområdet hos Riksantikvaren. Bygga på kaia vil gjenbrukas som dei står i dag, med noko istandsetting og tilpassing til ynskja føremål, tilpassing til dagens standard og naudsynte endringar for å tilfredstilla dagens tekniske krav. Det kan også bli behov for noko nybygg, som vil gje eit løft til eksisterande bygg og miljøet på kaia.

Alternativ 1

VERDI	KONSEKVENS
2	0

Alternativ 2

VERDI	KONSEKVENS
2	0

5.8 Beredskap og ulykkesrisiko

Innanfor planområdet er det registrert bergart av typen granitt og kvartsitt, og lausmasser av tynn morene. Tiltaka berører området registrert med kvartsitt, stadvis med tynne lag av konglomerat. Det er gjort ei omfattande utreiing og dokumentering av skredfare i området og konkludert med at det aktuelle planområdet ligg trygt for skred med sannsynlegheit 1/5000 som er kravet til sikkerhet for bygg i sikkerhetsklasse S3, angitt i TEK17§7.3.

Alternativ 1

VERDI	KONSEKVENS
1	0

Alternativ 2

VERDI	KONSEKVENS
1	0

5.9 Tilgong for alle til uteområde

I dag (**0-alternativet**) er området aktivt og mykje brukt av folk i alle aldrar, særleg barn og unge gjennom fritid- og skulesamanheng.

Nede på kaia finn vi i dag (**0-alternativet**) stort sett lagerbygningar. Gjennom det nye tiltaket (**både i alternativ 1 og alternativ 2**) er planane er å skape eit senter for mat og kultur, oppleving og fritid. Ei utvikling av kaiområdet og dei offentlege fasilitetane det tilbyr vil aukast og gjere områder meir attraktivt og tilgjengeleg for ålmenta. Arealet vest for parken har parkeringsareal og vert vidare nytta til dette føremålet i begge alternativ. På eksisterande kai vil det vere siderhus, bygg for servering, overnatting, samt informasjonutvikling av kaiområdet for å gjera området meir attraktivt og tilgjengeleg for ålmenta. Dette er og i samsvar med eksisterande føremål; Bustad, Forretning, Kontor.

I dagens situasjon (**0-alternativet**) er det god tilkomst til planområdet med offentleg veg og gangveggar ned til kaia. Innanfor planområdet er parkeringa godt ivareteke gjennom fleire merka felt sett av til handikapp-parkering. Av- og påstiging for funksjonsnedsette er også tilrettelagd nede på kaia med trinnfri tilkomst til siderhuset og restauranten.

Det nye tiltaket både i **alternativ 1 og alternativ 2**, ønskjer å ivareta tilkomsten og miljøet rundt badevika og friluftsområdet og ytterlegare auke den eksisterande aktiviteten og gjere miljøet meir tilgjengeleg og ope for ålmenta. I tillegg er det ein sterk tanke med etablering av båthamn at lokalsamfunnet skal styrkast og i tillegg til å organisere den som eit grannelag.

Samstundes skal ikkje arealet nyttast til privat opphaldsareal, men vere innbydande og gi høve til at «kven som helst» kan nytte seg av det. Området skal gje god tilkomst til båthamna, med fritidsbåtar og gjestebrygge. I begge alternativ vil båthamna ha ein U-form, der opninga er vendt mot nord, vekk frå badeområdet slik at ein skjermar badevika mot trafikk av båtar. Dessutan vil ikkje båthamna i nokre av alternativa ha portar for å gjere den så tilgjengeleg for ålmenta som mogleg.

Sjølve utforminga av hamna vil i begge alternativ også vere utforma slik at den tek omsyn til funksjonsnedsette, f.eks rullestolbrukarar. Tiltaket tillèt at alle skal få oppleve ein nærleik til vatn, sjøen og det båtlivet som følgjer med. Slik kan ein sjå båthamna som eit tilskot til friområdet kor ålmen tilkomst skal ivaretakast og ytterlegare aukast.

I tillegg skal begge alternative tiltak ikkje vere begrensa til båtaktivitet, men også kunne nyttast til fisking med stong, samt bading og stuping frå bryggekannten. Dette legg begge alternativ til rette for. Vidare er det plan om å bearbeide området rundt tilkomstpunktet for å auke bruksverdien som rekreasjonsområde.

Plasseringa i både **alternativ 1 og alternativ 2** har som mål å leggje til rette for at tiltaket er tilgjengeleg for ålmenta.

I **alternativ 1** si plassering har tiltaket direkte nærleik til badeplassen, parkarealet som i dag er berika med benkar og bord. Ei slik plassering vil utvide området sine friluftaktivitetar. Båthamna legg til rette for at ein kan fiske med stong og bade og stupe frå bryggekannten, aktivitetar som også skjer ved strandområdet. Likevel vil truleg plasseringa i alternativ 2 gi ein større sikkerheit for at ikkje båtrafikken kjem i konflikt med badeområdet sin aktivitet. Uteområde skal vere tilgjengeleg og trygt for alle. **Alternativ 2** gir såleis ein større sikkerheit ved å vere plassert lengre vekk frå badeområdet. Dessutan er **alternativ 2** plassert mellom dagens badestrand og kaianlegg, med kort avstand til eksisterande parkeringsplass som bidreg til noko kortare og dermed betre tilkomst enn i **alternativ 1**.

Alternativ 1

VERDI	KONSEKVENS
2	+

Alternativ 2

VERDI	KONSEKVENS
2	++

5.10 Oppvekstvilkår for born og unge

Området er i dag mykje brukt av folk i alle aldrar, men særleg av barn og unge, både på fritid og i skulesamanheng. Etableringa av båthamn ønskjer å ivareta og styrke denne aktiviteten.

Begge alternativ vil bidra til ei generell opprusting av planområdet. Det vil auke bruksverdien som offentlig rekreasjonsområde og fungere som eit ålment tilgjengeleg tiltak som vil styrke lokalmiljøet. Tiltaket med dei tilhøyrande bygga er svært godt egna for turistbaserte og lokalt baserte næringsmoglegheiter som vidare kan føre til etablering av nye spanande arbeidsplassar. Aktivitet og utvikling er viktige nøkkelord for å forsterke bulyst som kan auke Nå sin demografiske profil. Potensielt kan aktivitetane som tiltaket opnar opp for bidra til busetting av yngre familiar, som igjen vil skape gode oppvekstvilkår for born og unge.

Begge alternativ vil ha ein positiv effekt for oppvekstvilkår for born og unge. Likevel vil **alternativ 2** sikre ein større sikkerheit i bruk av strandområdet ved at hamna er plassert noko lengre nord for dette området. Denne alternative plasseringa gjer at ein sikrar at aktivitetane ved det nye tiltaket ikkje kjem i konflikt med dei eksisterande aktivitetane ved friområdet, i like stor grad som ved **alternativ 1** si plassering.

Alternativ 1

VERDI	KONSEKVENS
2	-

Alternativ 2

VERDI	KONSEKVENNS
2	0

6 Oppsummering og konklusjon

Utgreiinga samanliknar verknaden av ein ny plan i forhold til gjeldande planar for området. Ei samla vurdering av alternativa som er gjennomgått syner at **alternativ 2** kor småbåthamna er plassert mellom dagens badestrand og kaianlegg er gir høgast verdi og høgast positiv konsekvens for området, då det har ei sentral og lett tilgjengeleg plassering, som ikkje kjem i konflikt med badestrand og kaianlegg. Samanlikna med alternativ 1 vil dette i mindre grad komme i konflikt med friområdet, men stå som eit meir sjølvstendig supplement til friluftslivet på sjøen me høg bruksverdi for lokalbefolkninga og gjestar, ei forlenging av eit område for offentleg rekreasjon.

Alternativ 2 heretter kalla tiltaket, vil etter vurdering ikkje gjere den offentlege bruken ved friområde ringare, men styrke området og lokalmiljøet ved Nå. Konsekvensutgreiinga viser at den nye planen gir ein positiv verknad både på miljø og samfunn.

I kystsoneplanen for Ullensvang Herdad er det lagt opp til etablering av småbåthamner. Dei fleste av desse er plassert i lag med naustområde og/eller næringsverksemder. Dette for å samle mest mogleg av inngrepa. På Nå er det ikkje opna for småbåthamn. Likevel er det verd å understreke at i likskap til normalen i kystsoneplanen vil det nye tiltaket greine seg ut frå eit område som allereie har ein offentleg karakter og som i dag er nytta som rekreasjonsområde. I tillegg vil den aukande båttrafikken vere ei auke i ein eksisterande aktivitet og såleis er båthamna ei utviding av fasilitet for eksisterande aktivitet og funksjon.

Plassering og utforming skal gjerast slik at funksjonar i lokalsamfunnet vert berika av det, og at negative konsekvensar vert minimert. Nytt tiltak skal ha god tilpassing til terreng og bygningane rundt, med særlege omsyn til plassering, utforming og eksponering i landskapet. Miljøet rundt badevika og friluftsområdet skal nyttast av og vera open for ålmenta. Området er i dag mykje brukt av folk i alle aldrar, men særleg av barn og unge, både på fritid og i skulesamanheng. Etableringa av båthamn ønskjer ivareta denne aktiviteten og styrke lokalsamfunnet.

Tiltaket vil bidra til ei generell opprusting av planområdet. Det vil auke bruksverdien som offentleg rekreasjonsområde og fungere som eit ålment tilgjengeleg tiltak som vil styrke lokalmiljøet. I sin heilskap og i nøye vurdering kjem det nye tiltaket til å tilføre meir verdi enn det antakast å forverre og i sin heilskap ha ein positiv verknad på miljø og samfunn.

Vurdering av sikkerheitsklasse

Sikkerheitsklasse for skred

Plan- og bygningsloven (pbl) og Byggteknisk forskrift (TEK 17, kap 7.3) stiller krav til sikkerheit mot naturfare. For reguleringsplan og byggesak/-tiltak, søknadspliktig eller ikkje, må det difor dokumenterast at tilstrekkeleg sikkerheit mot skredfare vil bli oppnådd i henhold til desse sikkerheitskrava.

Ei slik utreiing er utført av fagkyndig personell og følgjer NVE sin veileder «Sikkerhet mot skred i bratt terreng - Kartlegging av skredfare i reguleringsplan og byggesak» og vil dokumentere om sikkerheitskrava er oppfylt.


Skredtypane som er utreia i rapporten til NGI «Skredfarevurdering Vikebygd, Nå, Ullensvang» datert 29.09.2021, er snø-, jord-, flaum-, sørpe-, steinskred og steinsprang.

Ettersom tiltaket inneber nybygg og bruksendringar i området, samt endring i reguleringsplan har det vore behov for detaljerte undersøkingar. Aktuelle utløysingsområder er synfart og det er utført simuleringar av snøskred, flaumskred og sørpeskred samt studie av detaljert terrengmodell, nye og historiske flyfoto, tidlegare rapporter og historiske hendingar. Synfaring av terrenget i og ovanfor kartleggingsområdet vart utført av Frode Sandersen og Ulrik Domaas 10-11. august 2021.


Oppsummert er planlagt bygg nedanfor eksisterande hus i område P2, Nåvegen 5, trygt plassert mot snø-, jord-, flaum-, sørpe-, steinskred og steinsprang med sannsynlegheit for å inntreffe på 1/1000 som er kravet til sikkerheit for bygg i sikkerheitsklasse S2, angitt i TEK17§7.3.

Bygg på område P1, som er det aktuelle planområdet ligg trygt for skred med sannsynlegheit 1/5000 som er kravet til sikkerhet for bygg i sikkerhetsklasse S3, angitt i TEK17§7.3.

Område utanfor P1 er vurdert som skredutsett og gitt omsynssone 310 med forbod mot tiltak i sikkerheitsklasse S2 og S3, sett i føresegner.



Figur 6: Detaljert kart som viser de kartlagde områder P1-P3 med hel svart strek. P1 omfattar planområdet for Nå Båthamn.



Figur 7: Faresoner 1/100, 1/1000 og 1/5000

Sikkerheitsklassar for skred	Konsekvens	Største nominelle årlege sannsynlegheit
S1	Liten	1/100
S2	Middels	1/1000
S3	Stor	1/5000

Tabell 1: Sikkerheitsklassar for skred jf. TEK17 § 7-3.

Sikkerheitsklasse S1

Denne klassen gjeld tiltak kor eit skred vil ha liten konsekvens. Dette er byggverk kor det normalt ikkje oppheld seg personar, og det er små økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar. Dette kan for eksempel vere mindre garasjer og lagerskur.

Sikkerheitsklasse S2

Denne klassen gjeld tiltak kor eit skred vil ha middels konsekvens. Dette kan vere byggverk kor det normalt oppheld seg anslagsvis maksimum 25 personar og/eller kor det er middels økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar. Eksempel er einebustader, tomannsbustad, små bygg for næringsverksemd og mindre driftsbygningar i landbruket.

Sikkerheitsklasse S3

Denne klassen gjeld tiltak kor konsekvensen av ei skredhending er stor. Dette er byggverk kor det normalt oppheld seg anslagsvis over 25 personer og/eller der det er store økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar. Eksempel kan vere einebustader i kjede/rekkehus med tre bueiningar eller meir, bustadblokker, brakkerigger, næringsbygg, større driftsbygningar, skular, barnehager, lokale beredskapsinstitusjonar, overnattingsstader og publikumsbygg.

Vurdering

Det nye tiltaket omfattar ein flytande konstruksjon for hamn for fritidsbåtar. Plasseringa av båthamna er gjort med eit ønskje om å gjere den lett tilgjengeleg og sentral, som eit knutepunkt på friområdet, med eit ønskje om at funksjonar i lokalsamfunnet vert berika. Småbåthamna vil såleis sannsynleg auke aktiviteten i planområdet.

Tiltaket omfattar også ein plan om å skape eit senter for mat og kultur, oppleving og rekreasjon. Bygga på kaia skal utviklast til bygg for servering, overnatting, informasjon og presentasjon. Siderhus på eksisterande kai, utvikling av kaiområdet og å gjere området meir attraktivt og tilgjengeleg for ålmenta. Tiltaket på kaia inneber opprusting av dagens to eksisterande bygg, i tillegg til oppføring av eit nytt bygg plassert mellom desse.

I vurderinga om personbelastning ved tiltaket er det utført ei utrekning for gjennomsnittleg personopphald for kvart at bygga, samt småbåthamna som inngår i tiltaket. I utrekninga er det lagt til grunn eit ulikt antal menneske for kvar time i døgnet ved ulike sesongar, eit døgn for sommarhalvåret og eit for vinterhalvåret.

BYGG 1						
	timar	snitt pers pr. time	totalt ant pers	sum pers i døgnet	snitt pers /time	
sommarhalvår						
periode døgnet kl						
0-10	10	10	100			
10-13	3	20	60			
13-17	4	30	120			
17-21	4	30	120			
21-24	3	10	30			
				430	18	
vinterhalvår						
periode døgnet kl						
0-10	10	10	100			
10-13	3	15	45			
13-17	4	20	80			
17-21	4	20	80			
21-24	3	10	30			
				335	14	
Årleg snittbelastning per time					12	


BYGG 2						
	timar	snitt pers pr. time	totalt ant pers	sum pers i døgnet	snitt pers /time	
sommarhalvår						
periode døgnet kl						
0-10	10	0	0			
10-13	3	20	60			
13-17	4	30	120			
17-21	4	30	120			
21-24	3	10	30			
				330	14	
vinterhalvår						
periode døgnet kl						
0-10	10	0	0			
10-13	3	15	45			
13-17	4	20	80			
17-21	4	20	80			
21-24	3	10	30			
				235	10	
Årleg snittbelastning per time					12	

BYGG 3						
	timar	snitt pers pr. time	totalt ant pers	sum pers i døgnet	snitt pers /time	
sommarhalvår						
periode døgnet kl						
0-10	10	0	0			
10-13	3	25	75			
13-17	4	35	140			
17-21	4	35	140			
21-24	3	15	45			
				400	17	
vinterhalvår						
periode døgnet kl						
0-10	10	0	0			
10-13	3	15	45			
13-17	4	25	100			
17-21	4	25	100			
21-24	3	10	30			
				275	11	
Årleg snittbelastning per time					14	

SMÅBÅTHAMN						
	timar	båtbelastning	snitt pers pr. time	totalt ant pers	sum pers i døgnet	snitt pers /time
Rekna kun sommarhalvår						
periode døgnet kl						
0-10	10	0 båtar	0	0		
10-13	3	5 båtar	10	30		
13-17	4	10 båtar	20	80		
17-21	4	10 båtar	20	80		
21-24	3	0 båtar	0	0		
					190	8
Årleg snittbelastning per time					8	

P1 omfattar delar av planområdet for Nå Båthamn. Bygg på område P1 ligg trygt for skred med sannsynlegheit 1/5000 som er kravet til sikkerhet for bygg i sikkerhetsklasse S3, angitt i TEK17§7.3. Resultata frå tabellen viser at gjennomsnittet av utrekninga er under 25 personar i per døgnet. For at eit tiltak skal kunne plasserast i sikkerhetsklasse S2, skal det normalt opphalde seg maksimum 25 personar jf. pbl § 28-1, jf. TEK17 § 7-3, §7-4. **Ei total vurdering av tiltaket viser at dei fell under sikkerhetsklasse S2.**

Sikkerheitsklasse for tiltak i lys av flodbølgesituasjon i Sørfjorden



Figur 2: Foreløpig aktsemdsone (venstre) med utsnitt ved Eitheimneset og Odda (høyre) for flodbølger med nominell årlig sannsynlighet 1/5000; alt basert på mulige skred fra fjellpartiene Træstane og Deildo.

Figur: Plankart – faresoner for skred H310 og flodbølge H310_1

Figur: Utsnitt frå NGI si vurdering av aktsemdsone for flodbølge

På oppdrag av NVE har NGI berekna ei foreløpig aktsemdsone for flodbølger i Sørfjorden, Ullensvang. Dette kan ha konsekvensar for store byggjeprojekt som ligg innanfor aktsemdsna. Årleg nominelt sannsyn for slik sekundærverknad av skred er sett til 1/5000.

Såleis må bruksendringar og nybygg som ligg innanfor aktsemdssona dokumenterast å befinne seg i sikkerheitsklasse S1 eller S2. jf. pbl § 28-1, jf. TEK17 § 7-3. Tiltak som i sikkerheitsklasse S3 kan ikkje byggjast. Dette er sett som krav i føresegner for omsynssone for flodbølge 310_1.

For at byggverk skal kunne plasserast i akseptert sikkerheitsklasse, S2, skal det normalt opphalde seg maksimalt 25 personar.

I vurderinga om personopphald er det utført ei utrekning for gjennomsnittleg personopphald for kvart at bygga som inngår i tiltaket. I utrekninga er det lagt til grunn eit ulikt antall menneske for kvar time i døgnet ved ulike sesongar, eit døgn for sommarhalvåret og eit for vinterhalvåret.

Resultata frå tabellen ovanfor viser at gjennomsnittet av utrekninga er under 25 personar i per døgn. **Ei total vurdering av tiltaket i lys av flodbølgesituasjonen i Sørfjorden viser at dei fell under sikkerheitsklasse S2.**

7 Litteratur og kilder

Miljødirektoratet.no Veileder M-1941 KU-veiledning: utredning av klima og miljø.

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/konsekvensutredninger/vurdere-miljokonsekvensene-av-planeneller-tiltaket/landskap/konsekvens-delomrade/>

<https://okologiskegrunnkart.artsdatabanken.no/>

https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/dirnat2/attachment/2498/dn-handbok31-2011_nett.pdf

NGI, Prosjekt; Skredfarevurdering Vikebygd, Nå, Ullensvamg, Reisetevengen 83,51 og 71 (Kvestad og Haugen gård), Nåvegen 5, Fjordavegen 1999, 1981 og 1979. Områdene er avmerket på kart, dok.nr.: 20210099-01-R, 2021-09-29